



# NORDDAL KOMMUNE

## REGLAR FOR BRUK AV VASSMÅLAR

Vedtatt i Norddal kommunestyre i møte den 07.02.07, k.sak 03/07.

### 1 INNKJØP, INSTALLASJON OG GEBYR FOR LEIGE AV VASSMÅLAR

1. Målaren er kommunens eigedom og blir kjøpt inn av kommunen. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren.
2. Abonnten må sjølv koste installasjon av vassmålaren i konsoll og evt flytting av målaren. Godkjent rørleggar skal utføre installasjonen i samsvar med det til ein kvar tid gjeldande reglement. Vassmålaren skal plomberast av kommunen eller av godkjent rørleggar engasjert av kommunen.
3. Abonnten (leigaren) betaler et årlig gebyr for leige av vassmål, som inkluderer innkjøp, kontroll, vedlikehald, utskifting og administrasjon. Gebyret fastsettes av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

### 2 AVLESING

1. Avlesing av vassmålaren foretas ein gang kvart år. Abonnten les av målaren og svarar innan den fastsette fristen.
2. Dersom avlesing av vassmål ikkje utføres til bestemt tid eller dersom data ikkje blir innmeld til kommunen blir årsforbruket stipulert. Kommunen kan evt sjølv velje å foreta avlesing av forbruket for abonnentens rekning (avlesingsgebyr). Avlesingsgebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

### 3 KONTROLL

1. Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid. Vassmålaren må plasserast slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing, vedlikehald og utskifting.
2. Kommunen kan til ein kvar tid, ev. etter skriftlig søknad frå leigaren, foreta kontroll av vassmålaren som er i bruk. Viser kontrollen ein feilavlesing på meir enn 5%, blir årsgebyret for føregåande år justert og eventuell utskifting av målaren skjer utan kostnad for leigaren.
3. Dersom det ikkje lar seg gjøre å rekne ut feilmålte mengder nøyaktig utan at dette medfører store kostnader, justerast gebyret for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmaste avlesingsperiode før feilen ble påvist, og/eller etter at den er utbeta.

### 4 FLEIRE TILKNYTINGAR

1. Kvar eigedom skal normalt berre ha éin tilknytning. I de tilfeller ein eigedom har fleire tilknytningar, skal det installerast ein måler for kvar tilknytning. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkommande.

## **5 ANNA**

1. Når vassmålar er montert kan denne ikkje fjernast utan kommunen sitt samtykke.
2. Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtatt utrekningsreglar.
3. Blir ein måler som er i bruk borte eller skada, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen. Kommunen kan krevje full erstatning for tap eller skade. Plomberte målarar kan berre opnes av kommunens personell eller under oppsyn av kommunens personell. Er ein plombe broten, fastsettast vassforbruket for vedkommande termin til stipulert forbruk gonger 4.
4. For installasjon og bruk av vassmålarar gjelder elles kommunens tekniske føresegner.